

Firda 18.04.1961:



Domarar og premiehentarar på fylkeskappleiken.

Som før fortalt vart fylkeskappleiken som Sunnfjord Ungdomslag stod som tilskipar av i Viking 8. april, svært vellukka både i prestasjonar og publikumsframmete. Øvat til v. på biletet er domarane (frå v.: Lars Skjervheim, Voss, Samuel Sandnes, Førde, og Ola Haugland, Naustdal) i ferd med poengutrekninga. Og så nokre av dei som henta seg heim premiar frå det rike premiebordet: Ingolv og Gudveig Iversen, Holmedal, 1. pr. og vandrepokal for Sunnfjord-springarar. Nedst til v.: Bendik

Brynestad, Dale, 1. pr. og vandrepokal for hardingfele, og Adolf Paulsen, Jølster, 1. premi og vandrepokal for vanleg fele. Til h.: 1. premievinnaren i kl. over 60 år, Kristoffer Teige, Hyllestad.

Ein trufast spelemann i Hyllestad.

74-åringen Kristoffer Teige frå Skifjord veite ikkje lite åtgang på kappleiken med sitt friske bogestrøk. Men så har han og vore ein trufast kar med fele sidan han fekk sitt fyrste slikt instrument i 11-årsalderen. Bestefar hans var den mykje nytta bygdespelemannen Kristen Teige. Kristoffer lærde av bestefaren å stilla fele og spela sine fyrste slåttar. Det var gode, gamle springarar og reindendarar.

Av andre læremestrar nemner

han Klemet Espeset og Edvard Brøndehaug, begge frå Fjaler, og Martin Seijevoil frå Læsoth, seinare gift til Hyllestad.

Kristoffer Teige fortel at otta hans kan ferast 200-300 år attande på garden i Skifjord, men farsmeta kjem eigentleg frå Gjermondstad i Viksdalen, og han trur det er den musikalske greina. Fleire av sykena hans har musikkgevnader og spelar ymse

Framh. side 2.

Høyesterettsadvokat

**SIGURD EIKESET
FØRDE**

(Medlem av Den Norske Sakførerforening)

Overrettssakfører

**EINAR BAKKE
FLORØ**

M.N.S. tlf. kont. 2315, prv. 2488.

VADHEIM PRIVATBANK

Høyesterettsadvokat

A. GRIMELUND

Overrettssakfører

H. GRIMELUND

Medlemmer av D. N. S.

Olav Kyrreagt. 9 IV, Bergen.

Telef. 11 247 — 18 440.

Domarar og

Framh. frå side 1.
instrument. Kristoffer sjølv har vorte mykje nytta som bygdespelemann, og har vorte henta til ymse tilstellingar i 5 herad. Han trur han har spela i 200 bryllaup.

— Det minkar av med den gamle skikken å nytta felespel i bryllaup og andre festlege høve, seier han, men enno er det mange som spelar inn bruragrauten. I min ungdom var det 8-10 spelemenn i bygda, no er vi berre eit par stykke igjen. Ikkje berre i bryllaup og familietilskipingar spelte vi i gamle dagar, men og ved faste høgtider, slike som Kyndelsmesseaftan, 13. aftan og 20. aftan jul, o.l.

Det er fyrst i dei siste åra at Kristoffer Teige har slått seg på speletevlingar, men det har han kome vel frå likevel. I 1959 deltok han i fylkeskappleiken i Høyanger, i 1960 i landskappleiken på Voss og vestlandskappleiken i Bergen. Etter sprækleiken hans å døma kjem han til å vera fast gjest i liknande tevlingar i mange år enno, og vi kan berre yn-skja han lukka til!